

Fin adventskonsert i Helgheim.

07.12.2017



Blant høgdepunkta i konserten var dei to nummera Vilde Bø Røssland framførte.

Det var adventsstemning alt då Brit Hjetland frå arrangørane Røysterett for Alle ønskte velkommen til konsert i Helgheim i kveld. Mykje levande lys i ein sal som elles var lite lyssett, bidrog til det. Førjulstemningen vart ytterlegare forsterka utover i programmet der vertskoret saman med gjester baud på julemusikk og andre vakre tonar.



Det er fon korklang i Røysterett for tida.

Røysterett starta det heile med **Englar kom frå høge himmel**. Etter det fekk vi høyre fem nummer til, nokre var ikkje direkte julemusikk som Erik Bye og Henning Sommero sin vakre **Blå salme** medan andre var av julesongane som vi må høyra i juletida som **Heilag Natt**, nynorsk versjonen av Jussi Björling sin **O Helga Natt**, melodien som alle trur er svensk, men som opphavelig er fransk.

Røysterett for Alle er inne i ein god sesong. Eg likar klangen i koret for tida. 10 songarar på mannstemmene bidrar godt i så måte. I tillegg syns eg også at dei ulike gruppene er meir homogene.

Kulturskulekoret Nattergalen var neste post på programmet. Dei begynte med nokre barnesongar før dei svinga over på Odd Nordstoga sin **Jul i Svingen**-song, og dermed auka dei førjulstemningen mange hakk. Dei fortsette med meir Nordstoga, hans vakre song **Farfar**, før dei verkeleg slo til med **Icecream** med sjølvkoreograferte bevgelsar. Dei avslutta med ein **Julemix** der dei var innom fleire språk og songar, og der dei til slutt fekk med publikum på **Feliz Navidad** og **We wish you a merry Christmas**. 8 flinke jenter, og dei som fekk prøva seg som solistar kom godt frå det.



Flinke jenter i kulturskulekoret Nattergalen.

Kveldens songsolist, snart 16 år gamle Vilde Bø Røssland, framførte så to songar for oss. Ho steppa inn på svært kort varsel då den oppsette songsolisten var sjuk. Det gjorde ho med bravur. Med vakker stemme, god kontroll og rutinert sceneførsel framførte ho Ed Sheeran sin **Supermarket flowers** og **Sonjas sang til julestjernen**. Denne songfuglen får vi heilt sikkert høyra meir frå.

Etter dette var det klart for trekkspel, fele og komp då Kvinnherad folkemusikklag kom på scenen. Slik er koseleg når det regnar og uler ute. Dessverre fekk eg berre med meg første valsen deira, då klokka gjekk såpass mot halv ni at eg måtte springe på musikkøving. Eg er sikker på at denne gjengen skapte god stemning utover i programmet sitt.

Etter gammaldansmusikken skulle det vera loddsal før vertskoret skulle avslutta med ei avdeling. Det var godt besøk i Helgheim, og konserten gjorde denne ruskeverskvelden retteleg koseleg for mange.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland